



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
202112508-2	15.12.2021	13171/2022/U00	Synnøve Valle, 71 28 02 39	07.02.2022

Ørsta kommune - uttak av grunnvatn i Barstadvik til landbasert oppdrett - AquaGen AS - høyring

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld søknad frå AquaGen AS om løyve til uttak av grunnvatn i Barstadvik til landbasert oppdrett. AquaGen AS ynskjer å ta ut inntil 2 250 m³ /døgn (26 l/s) grunnvatn og eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 m³ /år (16 l/s) til anlegget i Barstadvik.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i fylkestinget no i desember, og skal behandlast av Kommunal- og distriktsdepartementet i mars 2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging.

Vassforvaltningsplanen skal leggst til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. §8-2 og vassforskrifta, § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må vurderast etter vassforskrifta sin § 12.

Tiltaket gjeld grunnvassførest Barstad med vann-ID 095-359-G som har miljømål om god kvantitativ tilstand. I tillegg er vassføresten Barstavikelva, med vann- ID 095-42-R i området for uttak. Denne har miljømål om godt potensial. Tilstand for mellom anna sjøaure er ikkje god.

Slik det kjem fram av planane for tiltaket, vil desse ikkje kome i konflikt med miljømål for vassførestane i området.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene over.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Vassforvaltning: Rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 28 03 52

Kopi:

Ørsta kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal